



Møteprotokoll

Utval:	Fellesnemnd Nye Øygarden kommune
Stad:	Fjell rådhus, kultursalen
Dato:	17.06.2019
Tid:	09:00 - 15:10

Medlemer som møtte:

Marianne Sandahl Bjorøy	Leiar	AP
Børge Haugetun	Nestleiar	TVØ
Kari-Anne Landro	Nestleiar	H
Egil Haaland	Medlem	AP
Tom Georg Indrevik	Medlem	H
Ernst Morten Einarsen	Medlem	H
Odd Bjarne Skogestad	Medlem	KRF
Olav Kobbeltveit	Medlem	V
Nils Kåre Skoge	Medlem	H
May Elin Limevåg	Medlem	FRP
Jogeir Sognnæs	Medlem	AP
Kjell Arve Vorland	Medlem	SP
Silvia Haugland	Medlem	Uavhengig
Espen Harkestad	Medlem	AP
Ingrid Marie Toft	Medlem	H

Forfall:

Svein Petter Bergh	MEDL	SL
Anita Garlid Johannessen	MEDL	FRP

Varamedlemer som møtte:

Elna Nybakk	for Svein Petter Bergh	SL
Daniel-Victor Sandvik	for Anita Garlid Johannessen	FrP
Jørgen Kausland	for Kari-Anne Landro	H (ugild sak 33/19)
Elizabeth Toft Erichsen	for Nils Kåre Skoge	V(ugild sak 33/19)

Andre:

Harris Advokatfirma AS v/ senioradvokat Henrik Lande, konsernsjef BIR Steinar Nævdal, dagleg leiar i FjellVAR Bjarne Ulvestad, fagsjef pensjon AON AS Vidar Pedersen, prosjektrådmann Rune Lid, kommunalsjef for økonomi Anne Erdal, kommunalsjef for helse og velferd Line Barmen, kommunalsjef for kultur og samfunn Råmund Skjold, kommunalsjef for oppvekst Anne-Merete Vabø Haugane, informasjonsleiar Vignleik Brekke, møtesekretær Unni Rygg.

Kari-Anne Landro

Marianne Sandahl Bjorøy

Børge Haugetun

underskrifter

SAKSLISTE

Saksnr	Innhald
PS 28/19	Godkjenning av innkalling, saksliste og møtebok
PS 29/19	Referatsaker og orienteringar
RS 3/19	Partssamansett utval - referat 23.04.2019
RS 4/19	Partssamansett utval - referat 04.06.2019
PS 30/19	Etiske retningslinjer for nye Øygarden kommune frå 01.01.2020
PS 31/19	Drøftingssak: Lokalisering av administrative og tenesteproduserande einingar i Nye Øygarden kommune - rammer, prinsipp og prosess
PS 32/19	Anbudsprosess på forsikra løysing for pensjon i Nye Øygarden kommune
PS 33/19	Val av renovasjonsløysing - Nye Øygarden kommune
PS 34/19	Øygarden brann- og redning KF - Godkjenning av vedtekter, hovudplan, avtale med kommunen og vidare prosess
PS 35/19	Øygarden Bustadutvikling KF - vedtekter og oppretting av interimstyre
PS 36/19	Nye reglar (høyring) eigedomsskatt for kommunar som slår seg saman - konsekvensar for Nye Øygarden kommune
PS 37/19	Ny søknad om støtte til Øygardskonferansen
PS 38/19	Uttale til rapporten - Utgreiing båtforbindelse mellom Nye Øygarden kommune og Bergen kommune
PS 39/19	Oppfølging av sluttrapport frå utval for eigarskapsmodellar - medlemskap i nettverket "Sunne kommunar" frå 01.01.2020
PS 40/19	Økonomisk status prosjektrekneskap pr. 06.06.2019 - fullmakt til eventuell forskottering av reformstøtte
PS 41/19	Økonomisk status 2019 og budsjett 2020 Nye Øygarden kommune

PS 28/19 Godkjenning av innkalling, saksliste og møtebok

Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 17.06.2019:

Innkalling og protokoll frå førre møte (13.05.2019) vart godkjente utan merknad.

Sakslista vart godkjent med merknad frå møteleiar Marianne Sandahl BJORØY om at sak 33/19, som er oppdatert med vedlegget «Verdsetjing BIR av E&Y», vert behandla fyrst av sakene grunna tilhøyrarar.

Vedtak i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 17.06.2019:

Innkalling, saksliste og protokoll frå førre møte vert godkjente.

PS 29/19 Referatsaker og orienteringar

- Orientering frå prosjektrådmann Rune Lid

Referatsaker

- RS 3/19 Partssamansett utval – referat 23.04.2019
- RS 4/19 Partssamansett utval – referat 04.06.2019

Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 17.06.2019:

Orientering frå prosjektrådmann Rune Lid om prosjektstatus:

Lid viste til bakgrunnen for kommunereforma for å møte utfordringane som lokalsamfunna står ovanfor. Lid gjekk vidare inn på milepelar for samanslåingsprosessen i Nye Øygarden kommune. Både måten å rekruttere dei tilsette på, og dei økonomiske forholda, gjer Nye Øygarden sin samanslåingsprosess annleis og kompleks. Alle leiarar er no tilsett, og alle andre tilsette skal innplasserast innan 21.juni. Nytt kommunestyre vert konstituert 24.oktober og tek då over fellesnemnda sine oppgåver.

Referatsaker og orienteringar vart deretter tekne til orientering.

Vedtak i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 17.06.2019:

Referatsaker og orienteringar vert tekne til orientering.

RS 3/19 Partssamansett utval - referat 23.04.2019

Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 17.06.2019:

Vedtak i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 17.06.2019:

Referatsaka vert teken til orientering.

RS 4/19 Partssamansett utval - referat 04.06.2019

Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 17.06.2019:

Vedtak i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 17.06.2019:

Referatsaka vert teken til orientering.

PS 30/19 Etske retningslinjer for nye Øygarden kommune frå 01.01.2020

Innstilling:

Etske retningslinjer for Øygarden kommune frå 01.01.20, vert vedteke slik dei ligg føre.

Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 17.06.2019:

Møteleiar Marianne Sandahl Bjorøy viste til tilrådinga frå partssamansett utval 04.06.2019.

Kari-Anne Landro viste til tilrådinga om nytt punkt 12, der siste setning ikkje skulle vere med i vedtaket. Tilrådinga om nytt punkt 12 vert såleis justert tilsvarande:

9. *Bruk av kommunen sine eigendelar – nytt punkt;*
Kommunen sine ressursar og eigendelar skal takast vare på og brukast på den mest økonomiske og rasjonelle måten. Privat bruk av kommunen sine eigendelar skal som hovudregel ikkje skje.

Tilrådinga frå partssamansett utval, med justert punkt 12, vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 17.06.2019:

Etiske retningslinjer for Øygarden kommune frå 01.01.20 vert vedtekne slik dei ligg føre, men justert i tråd med følgjande tilrådde endringsframlegg referert punktvis;

1. *Innleiing – ny setning siste avsnitt;*
Leiarane på alle nivå har eit særleg ansvar for å gå gjennom dei etiske retningslinjer med dei tilsette i eininga minst ein gong i året, også ved ny tilsetjing. Leiar må syte for at tilsette underteiknar på at retningslinjene er lest og forstått.
4. *Openheit – justering av fyrste avsnitt;*
Alle har eit felles ansvar for å skape eit godt arbeidsmiljø, og utvikle ein kultur prega av openheit, integritet, likeverd og respekt.
4. *Openheit – ny setning andre avsnitt;*
Øygarden kommune skal praktisera meiroffentlegheit og meirinnsyn.
5. *Lojalitet og ytringsfrihet – tillegg til 3.avsnitt siste setning;*
Når vedtak er fatta og ei avgjerd er endeleg, skal den følgjast opp utan unødige opphald innanfor dei rammer som gjeld, upåverka av eventuelle faglege eller politiske motførestellingar, så lenge iverksetjinga ikkje er i strid med lov- og avtaleverk, sentrale retningslinjer eller etisk uforsvarleg.
6. *Gildskap – nytt avsnitt nedst;*
Ein bør som hovudregel søkja og unngå at personar i nær familie kjem i underordna/overordna forhold til kvarandre ved tilsetjingar for å unngå ugildskap og ev. andre fordelingar.
8. *Gåver og andre fordelar – justering av andre avsnitt;*
Tilsette sine utgifter ved tenestereiser skal betalast av kommunen eller annan offentleg mynde.
9. *Uønskt åtferd / rett til å varsle – ny setning tredje avsnitt;*
Nye Øygarden kommune skal ha eit eige varslingssekretariat.
9. *Uønskt åtferd / rett til å varsle – justering av andre setning i fjerde avsnitt ;*
I særlege tilfelle bør det varslast med tilvising til Arbeidsmiljølova kapittel 2 A, §§ 2 A1 - A4.
9. *Uønskt åtferd / rett til å varsle – nytt avsnitt nedst;*
Sosiale medium: Kommunen sine kontoar på sosiale medium skal nyttast til å fremje kommunen sitt offisielle syn, og skal ikkje nyttast til å fremje personlege oppfatningar. Folkevalde og tilsette skal vere medvitne si rolle i kommunen ved privat deltaking i sosiale medium.

10. Registrering av styreverv og økonomiske interesser – *justering av siste avsnitt*;
Folkevalde, og likeins tilsette som er leiarar eller har innstillings- og/eller avgjerdsrett, skal registrere andre verv og interesser for å sikre openheit og transparens om økonomiske tilhøve, for slik å byggje tillit rundt dei prosessane ein deltek i.
11. Oppfølging – *ny setning nedst fyrste avsnitt*;
Brot på retningslinene kan få konsekvensar for den enkelte sitt arbeidsforhold.
12. Bruk av kommunen sine eigendelar – *nytt punkt*;
Kommunen sine ressursar og eigendelar skal takast vare på og brukast på den mest økonomiske og rasjonelle måten. Privat bruk av kommunen sine eigendelar skal som hovudregel ikkje skje.

PS 31/19 Drøftingssak: Lokalisering av administrative og tenesteproduserande einingar i Nye Øygarden kommune - rammer, prinsipp og prosess

Innstilling:

1. Fellesnemnda for Nye Øygarden kommune tar vedlagt drøftingssak til orientering.
2. Fellesnemnda for Nye Øygarden kommune ønskjer å gje følgjande innspel:
 -
 -
 -

Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 17.06.2019:

Møteleiar Marianne Sandahl Bjorøy viste til tilrådinga frå partssamansett utval 04.06.2019.

Jogeir Sognnæs viste til behandlinga av saka i partssamansett utval der han bad utvalet vurdere om han er gild i saka, då han er tilsett som leiar i eining i Nye Øygarden kommune som vert påverka av val av lokalisering av tenestane. Sognnæs bad likeeins fellesnemnda vurdere om han er gild i saka. Fellesnemnda vart samde om at Sognnæs ikkje har særskilte interesser og vurderte han som gild i saka, på same vis som partssamansett utval konkluderte.

Framlegg frå Tom Georg Indrevik om nytt punkt 2:

2. Fellesnemnda for Nye Øygarden kommune vedtek at følgjande skal leggjast til grunn for prosessen:
 - a. For å sikre god politisk forankring av lokaliseringa skal det leggjast fram ei eiga sak til fellesnemnda, for vedtak, som inneheld punkta skildra som steg to i saka.
 - b. Det er avgjerande at forslag om lokalisering blir knytt opp mot nærttenesteprinsippet.
 - c. Fellesnemnda ber også om at det i den vidare prosessen kjem fram korleis lokalisering kan frigjere ressursar gjennom effektivisering og reduserte kostnader.
 - d. Fokus på brukarane skal alltid telje høgt ved vurdering av lokalisering.

Tilrådinga frå partssamansett utval punkt 1 vart samrøystes vedteke.

Framlegget om nytt punkt 2 vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 17.06.2019:

1. Fellesnemnda for Nye Øygarden kommune tar vedlagte drøftingssak, med vedlegg frå hovudsamanslutningane og organisasjonane, til orientering.
2. Fellesnemnda for Nye Øygarden kommune vedtek at følgjande skal leggjast til grunn for prosessen:
 - a. For å sikre god politisk forankring av lokaliseringa skal det leggjast fram ei eiga sak til fellesnemnda, for vedtak, som inneheld punkta skildra som steg to i saka.
 - b. Det er avgjerande at forslag om lokalisering blir knytt opp mot nærteneste-prinsippet.
 - c. Fellesnemnda ber også om at det i den vidare prosessen kjem fram korleis lokalisering kan frigjere ressursar gjennom effektivisering og reduserte kostnader.
 - d. Fokus på brukarane skal alltid telje høgt ved vurdering av lokalisering.

PS 32/19 Anbudsprosess på forsikra løysing for pensjon i Nye Øygarden kommune

Innstilling:

Fellesnemnda tek saka til orientering

Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 17.06.2019:

Møteleiar Marianne Sandahl Bjørøy viste til tilrådinga frå partssamansett utval 04.06.2019.

Jogeir Sognæs viste til informasjonsskrivet frå prosjektrådmannen datert 05.06.2019 der tildelingskriterier vert vekta med 65% for totale kostnader og 35 % for kvalitet. I referatet frå drøftingsmøte med dei tillitsvalde datert 12.06.2019 er vektinga av desse tildelingskriteria endra til 50/50. Kva vekting vert lagt til grunn for vidare prosess? Prosjektrådmann Rune Lid stadfesta at tildelingskriteria for totale kostnader og kvalitet vert vekta 50/50 vidare i anbudsprosessen.

Møtet vart heva for gruppemøte.

Fagsjef i pensjon hos leverandør AON AS, Vidar Pedersen, var til stades og svarte på spørsmål frå fellesnemnda. Pedersen viste til at AON AS i utgangspunktet vekta totale kostnader 65 %, men at det er fullt forsvarleg for prosjektrådmann å vurdere innanfor eit spekter på 50-65 % for pris.

Framlegg frå Tom Georg Indrevik:

Fellesnemnda tek saksutgreiinga til orientering, og ber om at vektinga i anbudsgrunnlaget frå AON blir teken større omsyn til ved å endre vektinga til 55% totalkostnad og 45 % kvalitet.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Protokolltilførsel frå Sotralista:

Sotralista vil ikkje ta stilling til innkomne anbod for val av ny pensjonsleverandør for Nye Øygarden kommune før Fjell kommunestyre har behandla spørsmålet om å legge ned eiga pensjonskasse.

Vedtak i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 17.06.2019:

Fellesnemnda tek saksutgreiinga til orientering, og ber om at vektinga i anbudsgrunnlaget frå AON blir teken større omsyn til ved å endre vektinga til 55% totalkostnad og 45 % kvalitet.

PS 33/19 Val av renovasjonsløyising - Nye Øygarden kommune

Innstilling:

1. Fellesnemnda gjev FjellVAR og seinare rettsetterfølgjaren (Øyvar) einerett til å utføre lovpålagde renovasjonstenester for Nye Øygarden kommune frå 2020. For dei lovpålagde tenester som BIR utfører i dag gjeld eineretten frå avvikling av BIR sitt oppdrag er gjennomført i løpet av 2020. Rådmannen tek atterhald om endringar i tilrådinga avhengig av verddivurderinga som BIR etter planen vil legge fram 13. juni.
2. Fellesnemnda tilrår at kommunestyret i NØK i perioden 2024-2025 evaluerer leverandør av renovasjonstenestene.
3. Rådmannen startar prosessen med avvikling av Sund kommune sitt medeigarskap i BIR og tingingar om overføring av driftsmidlar og tilsette frå BIR.

Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 17.06.2019:

Kari-Anne Landro viste til tidlegare møter i fellesnemnda der ho har sagt seg ugild til å behandle saker om val av renovasjonsløyising då ho sit i bedriftsforsamlinga til BIR.

Også Nils-Kåre Skoge viste til tidlegare møter i fellesnemnda der han har sagt seg ugild til å behandle saker om val av renovasjonsløyising då han er vara for Landro i bedriftsforsamlinga til BIR.

Elna Nybakk viste til at ho sit i styret i FjellVAR og at ho såleis seier seg ugild til å behandle saker om val av renovasjonsløyising av same årsak som Landro og Skoge.

Fellesnemnda var samde i at alle tre er ugilde til å behandle saka om val av renovasjonsløyising for Nye Øygarden kommune. Landro, Skoge og Nybakk gjekk frå møtebordet. Vara Jørgen Kausland og vara Elizabeth Toft Erichsen tok plass ved møtebordet i staden for Landro og Skoge, men vara Nybakk mangla vara til saka. Det var såleis seksten medlemmer til stades av fellesnemnda ved behandling av saka.

Konsernsjef i BIR, Steinar Nævdal, informerte om renovasjonsselskapet BIR som handterer avfall for innbyggjarane i eigarkommunane Askøy, Bergen, Fusa, Kvam, Os, Osterøy, Samnanger, Sund og Vaksdal. Dagleg leiar i FjellVAR, Bjarne Ulvestad, informerte om selskapet FjellVAR som leverer vass-, avløps- og renovasjonstenester for innbyggjarane i Fjell kommune. Etter BIR sin presentasjon vart det mellom anna stilt spørsmål om leveringsforplikting ved aksjepost jf. Sund kommune sitt medeigarskap i BIR. Senioradvokat Henrik Lande frå Harris Advokatfirma AS viste til at eigarane av BIR heller mot leveringsforplikting, og skisserte scenario for kostnader og vinning om aksjepost blir seld ut og BIR blir vurdert på ny som leverandør ved evaluering om 4-5 år.

Møtet vart heva for gruppemøte.

Framlegg frå Jørgen Kausland om å utsetje saka fekk fire røyster (mindretalet frå Sund: H, SP, V, FrP) og fall.

Innstillinga fekk tolv røyster og vart vedteken.

Vedtak i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 17.06.2019:

1. Fellesnemnda gjev FjellVAR og seinare rettsetterfølgjaren (Øyvar) einerett til å utføre lovpålagde renovasjonstenester for Nye Øygarden kommune frå 2020. For dei lovpålagde tenester som BIR utfører i dag gjeld eineretten frå avvikling av BIR sitt oppdrag er gjennomført i løpet av 2020. Rådmannen tek atterhald om endringar i tilrådinga avhengig av verdivurderinga som BIR etter planen vil legge fram 13. juni.
2. Fellesnemnda tilrår at kommunestyret i NØK i perioden 2024-2025 evaluerer leverandør av renovasjonstenestene.
3. Rådmannen startar prosessen med avvikling av Sund kommune sitt medeigarskap i BIR og tingingar om overføring av driftsmidlar og tilsette frå BIR.

PS 34/19 Øygarden brann- og redning KF - Godkjenning av vedtekter, hovudplan, avtale med kommunen og vidare prosess

Innstilling:

1. Fellesnemnda tek til etterretning Fjell, Sund og Øygarden kommunestyre sine vedtak om å oppløysa Øygarden brann- og redning IKS der føremålet er å omdanna ØBR til eit kommunalt føretak (KF) i tråd med fellesnemnda sitt vedtak frå 18. juni 2018. Jamfør vedtaka frå dei tre kommunestyra.
2. Fellesnemna vedtek framlegg til vedtekter og avtale mellom kommunen og føretaket slik dei ligg føre. Hovudplan ØBR IKS også vert nytta for ØBR KF, med nødvendige tilpassingar for ny organisering. Jamfør handsaminga i styret for ØBR IKS.
3. Fellesnemnda legg til grunn at dokumenta som er omtala i punkt 2 i innstillinga tek til å gjelda tidlegast 01.01.2020 når alle formalitetar knytt til danninga av eit nytt KF er gjennomført og registrert i lovebestemte register.
4. Fellesnemnda legg til grunn at reglane i kap. 16 i arbeidsmiljølova om verksemdsoverdraging gjeld og vert følgd i arbeidet med danninga av eit nytt KF.

Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 17.06.2019:

Silvia Haugland viste til at ho og Elna Nybakk har vore med i saksutgreiinga og at dei såleis er ugilde til å behandle saka, noko som resten av fellesnemnda var samde i. Haugland og Nybakk gjekk frå møtebordet og det var femten medlemmer til stades og behandla saka.

Framlegg frå Jogeir Sognæs om nytt punkt 2, justert etter at møtet var heva for gruppemøte:

2. Fellesnemnda vedtek framlegg til vedtekter og avtale mellom kommunen og føretaket, med følgjande endringar i driftsavtala for Øygarden brann og redning KF:

- punkt 6.1.4 Fond – 4.avsnitt. Stryk andre og tredje setning. Tilfør «ein årleg» i fjerde setning foran «ramme». Tilleggssetning – Dette kjem i tillegg til ramma for driftsbudsjett:

Fordeling mellom driftsfond vs. investeringsfond vert avgjort av styret.

Kommunestyret gjev ei årleg ramme for avsetnad til fond. Dette kjem i tillegg til ramma for driftsbudsjettet. Styret har mynde til å fordele avsetnaden på høvesvis drifts- og/eller investeringsfond.

- punkt 6.2.3 Overføring av budsjettmidlar. Stryk avsnittet, då det viser til organiseringa slik det er i dag i IKS.

Framlegg frå møteleiar Marianne Sandahl Bjorøy til punkt 2 om følgjande endring i Hovudplan 2019 for Øygarden brann og redning:

- punkt 1.5 Driftsbudsjett for 2020 og økonomiplan for 2020-2023. Endre tredje setninga «Både budsjett og økonomiplan skal behandlast i styret og i representantskapet» til:

Budsjettet for 2020 og økonomiplan for 2020-2023 skal behandlast av det nye kommunestyret i Nye Øygarden kommune.

Framlegga om nytt punkt 2, med endringar i driftsavtala og i hovudplanen, vart samrøystes vedtekne.

Innstillinga punkt 1, 3 og 4 vart samrøystes vedtekne.

Vedtak i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 17.06.2019:

1. Fellesnemnda tek til etterretning Fjell, Sund og Øygarden kommunestyre sine vedtak om å oppløysa Øygarden brann- og redning IKS der føremålet er å omdanna ØBR til eit kommunalt føretak (KF) i tråd med fellesnemnda sitt vedtak frå 18. juni 2018. Jamfør vedtaka frå dei tre kommunestyra.
2. Fellesnemnda vedtek framlegg til vedtekter og avtale mellom kommunen og føretaket, med følgjande endringar i driftsavtala og hovudplanen for Øygarden brann og redning KF:

- driftsavtala punkt 6.1.4 Fond – justert 4.avsnitt:

Fordeling mellom driftsfond vs. investeringsfond vert avgjort av styret.

Kommunestyret gjev ei årleg ramme for avsetnad til fond. Dette kjem i tillegg til ramma for driftsbudsjettet. Styret har mynde til å fordele avsetnaden på høvesvis drifts- og/eller investeringsfond.

- driftsavtala punkt 6.2.3 Overføring av budsjettmidlar – stryk avsnittet.

- hovudplanen punkt 1.5 Driftsbudsjett for 2020 og økonomiplan for 2020-2023 – endre tredje setning:

Budsjettet for 2020 og økonomiplan for 2020-2023 skal behandlast av det nye kommunestyret i Nye Øygarden kommune.

3. Fellesnemnda legg til grunn at dokumenta som er omtala i punkt 2 i innstillinga tek til å gjelda tidlegast 01.01.2020 når alle formalitetar knytt til danninga av eit nytt KF er gjennomført og registrert i lovebestemte register.
4. Fellesnemnda legg til grunn at reglane i kap. 16 i arbeidsmiljølova om verksemdsoverdraging gjeld og vert følgd i arbeidet med danninga av eit nytt KF.

PS 35/19 Øygarden Bustadutvikling KF - vedtekter og oppretting av interimstyre

Innstilling:

1. Fellesnemnda vedtek framlegget til vedtekter slik dei ligg føre.
2. Fellesnemnda vedtek å oppretta eit interimstyre på fem – 5 - medlemmar og tre -3- varamedlemmar. Interimstyret fungerer til eit nytt styre er valt av (Nye) Øygarden kommunestyre etter valet i 2019.
3. Fellesnemnda vedtek at det nye namnet på føretaket vert «Øygarden bustadutvikling KF.»
4. Desse fem medlemmane vert valt:
.....
.....
.....
.....
.....

Som styreleiar i interimstyret vert valt:
.....

Som nestleiar i interimstyret vert valt
.....

Desse tre varamedlemmane vert valt:

1.....
2.....
3.....
5. Fellesnemnda vedtek at interimstyret skal:
 - Tilsetja dagleg leiar i Øygarden Bustadutvikling KF
 - Laga organisasjonsplan for føretaket
 - o Overta portefølje og administrativ organisasjon frå Sund Eigedomsutvikling KF
 - o Overta portefølje og eventuelt administrativt tilsette frå Øygarden og Fjell kommunar
 - Skaffa seg oversyn over bustadporteføljen
 - Gjennomføra verdifastsetjing
 - Skaffa seg gjeldsoversyn
 - Koma med framlegg til årsbudsjett (utgifter/inntekter for føretaket)
 - Utarbeida samarbeidsavtale og system for samhandling mellom Øygarden Bustadutvikling KF og aktuelle kommunale aktørar
 - Rapporterer til fellesnemnda (fram til nytt kommunestyre er valt)

6. Fellesnemnda legg til grunn reglane i kap. 16 i arbeidsmiljølova om verksemdsoverdraging er gjeldande og vert følgde i dei tilfelle det er aktuelt.
7. Fellesnemnda ber prosjektrådmannen peika ut sekretærfunksjon for interimstyret.

Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 17.06.2019:

Møtleiar Marianne Sandahl Bjørøy viste til innstillinga punkt fire der det skal veljast fem medlemer og tre varamedlemer til interimstyre for bustadutvikling i Øygarden kommune.

Møtet vart heva for gruppemøte.

Det kom framlegg om følgjande kandidatar til interimstyret:

Medlemer:

Leiar Kari-Anne Landro
Nestleiar Egil Haaland
Medlem Torill Selsvold Nyborg
Medlem Nils Kåre Skoge
Medlem Åse Gunn Husebø

Vara:

1. Silvia Haugland
2. Espen Harkestad
3. Elna Nybakk

Innstillinga punkt 1-7, medrekna framlegg om kandidatar til interimstyret, vart samrøystes vedtekne.

Vedtak i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 17.06.2019:

1. Fellesnemnda vedtek framlegget til vedtekter slik dei ligg føre.
2. Fellesnemnda vedtek å oppretta eit interimstyre på fem – 5 - medlemmar og tre -3- varamedlemmar. Interimstyret fungerer til eit nytt styre er valt av (Nye) Øygarden kommunestyre etter valet i 2019.
3. Fellesnemnda vedtek at det nye namnet på føretaket vert «Øygarden bustadutvikling KF.»
4. Desse fem medlemmane vert valt:
 - Kari-Anne Landro
 - Egil Haaland
 - Torill Selsvold Nyborg
 - Nils Kåre Skoge
 - Åse Gunn Husebø

Som styreleiar i interimstyret vert valt:

- Kari-Anne Landro

Som nestleiar i interimstyret vert valt:

- Egil Haaland

Desse tre varamedlemmane vert valt:

1. Silvia Haugland
2. Espen Harkestad
3. Elna Nybakk

5. Fellesnemnda vedtek at interimstyret skal:
 - Tilsetja dagleg leiar i Øygarden Bustadutvikling KF

- Laga organisasjonsplan for føretaket
 - o Overta portefølje og administrativ organisasjon frå Sund Eigedomsutvikling KF
 - o Overta portefølje og eventuelt administrativt tilsette frå Øygarden og Fjell kommunar
 - Skaffa seg oversyn over bustadporteføljen
 - Gjennomføra verdifastsetjing
 - Skaffa seg gjeldsoversyn
 - Koma med framlegg til årsbudsjett (utgifter/inntekter for føretaket)
 - Utarbeida samarbeidsavtale og system for samhandling mellom Øygarden Bustadutvikling KF og aktuelle kommunale aktørar
 - Rapporterer til fellesnemnda (fram til nytt kommunestyre er valt)
6. Fellesnemnda legg til grunn reglane i kap. 16 i arbeidsmiljølova om verksemdsoverdraging er gjeldande og vert følgde i dei tilfelle det er aktuelt.
 7. Fellesnemnda ber prosjektrådmannen peika ut sekretærfunksjon for interimstyret.

PS 36/19 Nye reglar (høyring) eigedomsskatt for kommunar som slår seg saman - konsekvensar for Nye Øygarden kommune

Innstilling:

Prosjektrådmannen legg fram prinsippsak med framlegg om utskrivingsalternativ av eigedomsskatt for 2020 etter at nytt kommunestyre er konstituert 24. oktober 2019. Saka skal i tillegg innehalda ein plan for jamn harmonisering av satsane i tråd med dei nye reglane.

Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 17.06.2019:

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 17.06.2019:

Prosjektrådmannen legg fram prinsippsak med framlegg om utskrivingsalternativ av eigedomsskatt for 2020 etter at nytt kommunestyre er konstituert 24. oktober 2019. Saka skal i tillegg innehalda ein plan for jamn harmonisering av satsane i tråd med dei nye reglane.

PS 37/19 Ny søknad om støtte til Øygardskonferansen

Innstilling:

Saka vert lagt fram utan innstilling.

Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 17.06.2019:

Framlegg frå Tom Georg Indrevik:

1. Fellesnemnda vedtek å støtte Øygardskonferanse med kr 200.000,-

2. Ved planlegging av konferansen for 2020 bør det opprettast ein formell programkomité i samarbeid mellom Vest Næringsråd og Øygarden kommune.
3. Fellesnemnda ber vidare om å leggje til rette for at det nye kommunestyret blir invitert til å delta på konferansen, og at desse kostnadane blir dekkja av Nye Øygarden kommune.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 17.06.2019:

1. Fellesnemnda vedtek å støtte Øygardskonferanse med kr 200.000,-
2. Ved planlegging av konferansen for 2020 bør det opprettast ein formell programkomité i samarbeid mellom Vest Næringsråd og Øygarden kommune.
3. Fellesnemnda ber vidare om å leggje til rette for at det nye kommunestyret blir invitert til å delta på konferansen, og at desse kostnadane blir dekkja av Nye Øygarden kommune.

PS 38/19 Uttale til rapporten - Utgreiing båtforbindelse mellom Nye Øygarden kommune og Bergen kommune

Innstilling:

1. Fellesnemnda ser på rapporten som eit viktig bidrag for å vidare drøftingar av kollektivilbodet og trafikkutfordringar. Det er viktig at planlegging av kollektivilbodet vert sett i samanheng på tvers av kommunegrensene i Bergensregionen, og kommunen ønskjer å bidra aktivt i dette arbeidet.
2. Med auka aktivitet og etablering av Ågotnes Hamn, er Ågotnes eit alternativ som styrkar seg som ein aktuell lokalitet for varig båtsamband. Fellesnemnda ønskjer at det vert arbeidd vidare med dette alternativet, på kort og lang sikt.
3. Fellesnemnda meiner at passasjergrunnlaget innanfor gang- og sykkel har eit større potensiale enn det som framkjem av rapporten. Saman med betre kunnskap om reisevanane til dei som jobbar på Litlesotra, vil båt kombinert med sykkel kunne styrke attraktiviteten knytt til kaiplassering på Litlesotra. Fellesnemnda ønskjer at det vert arbeidd vidare med å vurdere grunnlaget for Brattholmen-kai, på kort og lang sikt.
4. Fellesnemnda ønskjer at det vert arbeidd vidare med å vurdere Straume Sjøfront i kombinasjon med parkering i kystbygarasjen, som ny lokalitet på Straume. Lokaliteten har utfordringar knytt til seglingstid, men effekten av direkte tilkomst til kai via sykkel tunnelen frå Kystbygarasjen/Straume sentrum aukar sjansane for at alternativet skal opplevast som attraktivt og effektivt. Fellesnemnda ønskjer at det vert arbeidd vidare med å utgreie Straume sjøfront som kaialternativ, på kort og lang sikt.
5. Fellesnemnda ber om at fylkeskommunen greier ut og vurderer saka opp mot beredskaps-situasjonen som Nye Øygarden kommune står ovanfor fram mot opninga av nytt fastlandssamband i 2026.

Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 17.06.2019:

Ernst M. Einarsen viste til saksframlegg og innstilling der Kystbygarasjen er kommentert. Sidan Einarsen er eigarrepresentant for Kystbygarasjen bad han fellesnemnda vurdere om han er gild eller ei til å behandle saka. Fellesnemnda var samde i at Einarsen er gild til å behandle denne høyringssaka.

Framlegg frå Nils Kåre Skoge om nytt punkt 6:

6. For å betre trafikksituasjonen ved rundkjøringa på Kolltveit ynskjer kommunen at det vert arbeidd med eit båt-alternativ i sør. Sidan det er vanskeleg å leggje til rette for parkering på Klokkarvik ynskjer kommunen at det vert arbeidd vidare med eit alternativ på Skaganeset på kort og lang sikt.

Innstillinga punkt 1-5, og framlegg om nytt punkt 6, vart deretter samrøystes vedtekne.

Vedtak i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 17.06.2019:

1. Fellesnemnda ser på rapporten som eit viktig bidrag for å vidare drøftingar av kollektivilbodet og trafikktutfordringar. Det er viktig at planlegging av kollektivilbodet vert sett i samanheng på tvers av kommunegrensene i Bergensregionen, og kommunen ønskjer å bidra aktivt i dette arbeidet.
2. Med auka aktivitet og etablering av Ågotnes Hamn, er Ågotnes eit alternativ som styrkar seg som ein aktuell lokalitet for varig båtsamband. Fellesnemnda ønskjer at det vert arbeidd vidare med dette alternativet, på kort og lang sikt.
3. Fellesnemnda meiner at passasjergrunnlaget innanfor gang- og sykkel har eit større potensiale enn det som framkjem av rapporten. Saman med betre kunnskap om reisevanane til dei som jobbar på Litlesotra, vil båt kombinert med sykkel kunne styrke attraktiviteten knytt til kaiplassering på Litlesotra. Fellesnemnda ønskjer at det vert arbeidd vidare med å vurdere grunnlaget for Brattholmen-kai, på kort og lang sikt.
4. Fellesnemnda ønskjer at det vert arbeidd vidare med å vurdere Straume Sjøfront i kombinasjon med parkering i kystbygarasjen, som ny lokalitet på Straume. Lokaliteten har utfordringar knytt til seglingstid, men effekten av direkte tilkomst til kai via sykkel tunnelen frå Kystbygarasjen/Straume sentrum aukar sjansane for at alternativet skal opplevast som attraktivt og effektivt. Fellesnemnda ønskjer at det vert arbeidd vidare med å utgreie Straume sjøfront som kaialternativ, på kort og lang sikt.
5. Fellesnemnda ber om at fylkeskommunen greier ut og vurderer saka opp mot beredskaps-situasjonen som Nye Øygarden kommune står ovanfor fram mot opninga av nytt fastlandssamband i 2026.
6. For å betre trafikksituasjonen ved rundkjøringa på Kolltveit ynskjer kommunen at det vert arbeidd med eit båt-alternativ i sør. Sidan det er vanskeleg å leggje til rette for parkering på Klokkarvik ynskjer kommunen at det vert arbeidd vidare med eit alternativ på Skaganeset på kort og lang sikt.

PS 39/19 Oppfølging av sluttrapport frå utval for eigarskapsmodellar - medlemskap i nettverket "Sunne kommunar" frå 01.01.2020

Innstilling:

- Nye Øygarden kommune søkjer om medlemskap i nettverket «Sunne kommuner» frå 1.januar 2020. Kontingenten i 2020, på ca. kr 72 000, vert dekkja over Nye Øygarden kommune sitt budsjett.
- Nye Øygarden kommune sluttar seg til og vil følgje opp erklæringa «Copenhagen Consensus of Mayors» sine åtte prinsipp.
- Rådmannen kjem attende til val av ein administrativ og ein politisk kontaktperson til nettverket «Sunne kommunar».

Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 17.06.2019:

Framlegg frå Ernst M. Einarsen om å utsetje saka om medlemskap i nettverket «Sunne kommunar» frå 1.1.2020, slik at det nye kommunestyret i Nye Øygarden kommune sjølve kan gjere vedtaket.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 17.06.2019:

Saka vert utsett til behandling av det nye kommunestyret i Nye Øygarden kommune.

PS 40/19 Økonomisk status prosjektrekneskap pr. 06.06.2019 - fullmakt til eventuell forskottering av reformstøtte

Innstilling:

1. Fellesnemnda gjev prosjektrådmannen fullmakt til å forskottera delvis bruk av reformstøtta på 25,6 mill. dersom det vert behov for det for å sikra gjennomføring og framdrift i prosjektet
2. I første fellesnemndmøte etter ferien skal prosjektrådmannen leggja fram ny sak med oppdatert økonomisk status for prosjektet og eventuell forskottering av reformstøtta skal gjerast greie for.

Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 17.06.2019:

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 17.06.2019:

1. Fellesnemnda gjev prosjektrådmannen fullmakt til å forskottera delvis bruk av reformstøtta på 25,6 mill. dersom det vert behov for det for å sikra gjennomføring og framdrift i prosjektet

2. I første fellesnemndmøte etter ferien skal prosjektrådmannen leggja fram ny sak med oppdatert økonomisk status for prosjektet og eventuell forskotering av reformstøtta skal gjerast greie for.

PS 41/19 Økonomisk status 2019 og budsjett 2020 Nye Øygarden kommune

Innstilling:

1. Fellesnemnda tar saka om økonomisk status 2019 og budsjett 2020 for Nye Øygarden kommune til orientering.
2. På bakgrunn av tilråding frå prosjektrådmannen peikar Fellesnemnda ut 2 personar frå Fellesnemnda i kvar kommune som skal delta i arbeidet med å utarbeide skisse og innhald for budsjett- og økonomiplanprosessen for nye Øygarden kommune saman med prosjektrådmannen.

Frå Fjell kommune:

.....
.....

Frå Sund kommune:

.....
.....

Frå Øygarden kommune:

.....
.....

Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 17.06.2019:

Ny-tilsett kommunalsjef for økonomi, Anne Erdal, presenterte seg for fellesnemnda.

Prosjektrådmann Rune Lid informerte deretter om økonomisk status 2019 og budsjett 2020 for Nye Øygarden kommune. Samla sett har dei tre kommunane eit negativt budsjettavvik i drifta per 1. tertial 2019 på 16,3 millionar kroner. Økonomien er framleis krevjande med ubalanse mellom inntekter og utgifter, og årsprognosen viser samla negativt budsjettavvik på 24 millionar kroner. Endringar i organisering, dimensjonering og lokalisering av tenestene i den nye kommunen vil vere vesentleg for ta styringa på økonomien men effekten vil fyrst vise seg om nokre år.

Kommunalsjef for kultur og samfunn Råmund Skjold, kommunalsjef for helse og velferd Line Barmen og kommunalsjef for oppvekst Anne-Merete Vabø Haugane, fekk deretter presentere utfordringar innan sine tenestemråder. *Skjold* la vekt på at store investeringar dei siste åra vil medføre auka driftsutgifter; utbyggingsavtaler vil binde kommuneøkonomien; forventningar om å gjennomføre vedtekne planar; behov for å vurdere leige eller eige av transporttenester; behov for god samhandling med frivillig sektor. Ernst M. Einarsen viste til rettleiingsprosjekt ovanfor

kommunane i regi av Norsk kulturskuleråd og stilte spørsmål ved rolla til kulturskulen framover. Skjold var samd i at kulturskulen har ei viktig rolle i lokalsamfunnet men at deltakinga er på veg ned. *Barmen* på si side la vekt på auka i talet på eldre innbyggjarar over 80 år sett opp mot færre arbeidstakarar; auke i frivillig innsats; krevjande med oppfølging av samhandlingsreforma; behov for å auke talet på heiltidsstillingar; oppfølging av demente eldre; press på heimetenester; kjøpte private tenester må over i kommunal regi; kompetanseheving av tilsette gjennom e-læring. *Vabø Haugane* har visjon om at barn og unge i Nye Øygarden kommune skal kjenne at dei har hatt ein god oppvekst; krev meir enn lovpålagte tenester; krev større fokus på familien og føresette; dreie utvikling frå mangel til ressurs; auka digitalisering; skreddarsy dugnad og sosialt entreprenørskap; større brukarperspektiv. Ernst M. Einarsen viste til erfaringar med tidleg innsats for å førebygge åtferdsvanskar og utanforskap på skulen og seinare i livet, og etterspurte fokus innan området. *Vabø Haugane* var samd i at tidleg innsats er ei viktig bestilling innan oppvekst, som krev både rett kompetanse og rett blikk.

Framlegg frå Tom Georg Indrevik om nytt punkt 2 og nytt punkt 3:

2. Fellesnemnda utgjer budsjettnemnd og ber om å bli fortløpande involvert i prosessen. Dette kan gjerast i eige eller ekstra møte.
3. Det bør så snart som mogleg utarbeidast eit grunnlagsdokument for drøfting i fellesnemnda.

Fleire av medlemene i fellesnemnda kom med innspel om behov for konkrete forslag til prioriteringar i eit slikt budsjettnemndmøte.

Innstillinga punkt 1 vart samrøystes vedteken.

Framlegget om nytt punkt 2 og nytt punkt 3 vart samrøystes vedtekne.

Vedtak i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 17.06.2019:

1. Fellesnemnda tar saka om økonomisk status 2019 og budsjett 2020 for Nye Øygarden kommune til orientering.
2. Fellesnemnda utgjer budsjettnemnd og ber om å bli fortløpande involvert i prosessen. Dette kan gjerast i eige eller ekstra møte.
3. Det bør så snart som mogleg utarbeidast eit grunnlagsdokument for drøfting i fellesnemnda.